

Kristne og muslimer – frender eller fiender?

Hva gjør vi hverandre til i nærmiljøet?

ODDBJØRN LEIRVIK

I 1986 var eg med på ei internasjonal, kyrkjeleg delegasjonsreise til Israel og dei okkuperte områda. Målet for reisa var å studere religionen si rolle i Palestinakonflikten, og under vårt opphold i Galilea, på Vestbreidda og i Jerusalem hadde vi kontakt med både kristne, muslimske og jødiske grupper. I Galilea var vi ein dag gjestar i den muslimske landsbyen Deir al-Asad. Vi fikk høre om deira fortviling over å ha mista jorda si til den jødiske nybyggarbyen Karmiel borte på det nærmeste høgdedraget. I høve til sine jødiske naboar kjende dei seg som andreklasses innbyggjarar i Israel, systematisk underprivilegerte av styresmaktene. Vi kom dit ein laurdag, og skulle overnatte til søndag. Muslimane visste sjølvsagt at vi var ei kristen gruppe, men vi hadde ikkje avtalt noko med dei om kva vi skulle gjere på søndag formiddag. Så viser det seg når morgonen kjem at dei heilt på eige initiativ har organisert kyrkjeskyss for oss! Dei står klare med bilar for å ta oss med til den ortodokse kyrkja i den kristne nablandsbyen Rama. Og vel framme blir dei ståande på kyrkjetrappa og prate med sine kristne halvsøskan i nablandsbyen, medan vi går inn i kyrkja. – Det var første, og så langt einaste gongen, eg har opplevd å få kyrkjeskyss av muslimar – og vi trong ikkje eingong be om det!

Vi forstår vel kva dette handlar om. I Galilea har muslimar og kristne den same opplevelinga av å vere pressa av den jødisk-israelske majoriteten, som palestinaarabarar. Dei er knytte til kvarandre, og avhengige av kvarandre. Det same har vi sett i den palestinske intifadaen på Vestbreidda og i Jerusalem: Dei kristne stiller opp for å demonstrere etter fredagsbøna i moskéen, og muslimane møter dei kristne på kyrkjetrappa søndag formiddag for å stå saman med dei i kampen for å overleve som folk.

Men vi treng ikkje gå lenger enn over grensa til Libanon før biletet er eit heilt anna. I årevis har det rast ein krig med religiøse forteikn, der kristne har stått mot muslimar i kampen om det politiske hegemoniet i landet. Men samstundes står kristne mot kristne og muslimar mot muslimar i Libanon – med ulike syn på forholdet til det jødiske Israel i sør og det muslimske Syria i aust.

Om eg så tar med meg Midtaustenkonflikten heim til Oslo, snur biletet seg enda ein gong. Ein del av mine muslimske venner har ikkje så vennlege haldningar overfor Israel. Det kan eg forstå. Men samstundes blir eg somme tider skremd av dei *anti-jødiske* haldningane hos somme muslimar, som ikkje berre gir jødane den einaste skulda for Midtaustenkonflikten, men også gjer jødane til dei store skurkane i religions- og verdshistoria. På slike premissar kan eg sjølv sagt ikkje gå inn i noka kristen-muslimsk allianse i Palestinaspørsmålet. Sjølv om også eg har sett Palestinakonflikten mest frå palestinarane sin synsstad, finn eg meg stadig som jødane og jødedommen sin forsvarar i dialog med muslimar her heime.

Eg har valt å gå denne omvegen til det norske møtet mellom kristne og muslimar for å få eit vidare perspektiv på kva dette handlar om. For alltid når kristne og muslimar møtest, har vi med oss ei lang og smerteleg familiehistorie der også jødane høyrer med i biletet. Vi har våre felles røter hos Abraham. Men som halvsøskens har vi kvar våre versjonar av familiehistoria. Og alliansane mellom halvsøskena går på kryss og tvers alt etter korleis søskena oppfører seg og kor mykje makt dei har – med andre ord: alt etter kven som er storebror og kven som er småsøskens til eikvar tid.

Korleis stiller dette seg i Oslo, på Grünerløkka der eg arbeider, eller i det heile på Oslos sentrale austkant der dei fleste muslimar bur, bed og handlar? Er vi frendar eller fiendar?

Spørsmålet er sjølv sagt kva vi gjer kvarandre til. I Norge er den multireligiøse utfordringa enno så ny at ingen av oss veit heilt korleis vi skal plassere oss i det nye religiøse landskapet. I første omgang må det då kanskje handle om å *skape nokre møteplassar* og gi kvarandre sjanse til å møtest, for å sjå om vi kan få ei historie saman, eller om vi berre vil bli gåande ved sidan av kvarandre utan å kjenne kvarandre, utan kontakt.

Fleire kyrkjelydar i Oslo har sett det som ei oppgåve å skape slike møteplassar – *likeverdige* møteplassar der intensjonen er å kunne møtast på like vilkår. Møteplassane (utanom den heilt personlege nabokontakten) har så langt eg har kunna oppsummere det vore av fire slag: fleirkulturelle festar, internasjonale kvinnegrupper, gjensidige besøk mellom kyrkje og moské, og kanskje framfor alt skulen.

Samstundes som vi skapar møteplassar ønskjer vi som kyrkje også å ha ein aktivt evangeliserande profil, der det kristne evangeliet blir presentert og tydeleggjort for *alle* i bydelane våre, anten dei er norske eller innvandrarar. Enkelte kyrkjelydar og kristne organisasjonar har då også sett igong meir målretta evangeliserande arbeid mellom innvandrarar, – i eit arbeid der det eintydig er vi som kyrkje som inviterer til eit kristent fellesskap. Også i Paulus kyrkje har vi tatt imot menneske med muslimsk bakgrunn til dåpsundervisning og dåp.

I dette innlegget vil eg likevel konsentrere meg mest om den andre typen møteplassar, der vi møtest på *likeverdige* vilkår som kristne og muslimar, utan planar om å skifte religionssamfunn. Eit stikkord for slike møter kan vere *dialog*. Ein dialog føreset at begge partar er opne for at ein har noko å lære av den andre parten. Men ein dialog føreset også at ein er tydeleg når ein viser fram seg sjølv. Derfor vil grensene mellom dialog, vitnesbyrd og misjon alltid vere flytande når kristne og muslimar møtest.

Kva slags møteplassar for dialog og utveksling mellom kristne og muslimar kan vi så tenkje oss? Eg har alt i stikkordsform nemnt nokre av dei forsøka på å skape møteplassar som har vore gjort så langt her i Oslo, og vil gjerne også kort få kommentere dei.

1) *Fleirkulturelle festar*. Mange kyrkjelydar har sett det som si oppgåve å stelle til fleirkulturfestar eller internasjonale dagar i sine bydelar, der folk kan møtast og opne nokre av skattkistene for kvarandre. I skattkistene finst det spennande matrettar, musikk, dans, folkedrakter, eventyr, – men også gudstru! Kvifor skal religionene gøy mast unna når vi møtest til fest? På ein av dei festane vi har hatt på Grünerløkka dei siste åra løfta vi fram religionen, og fortalte kvarandre om kristne og muslimske høgtidstradisjonar. Men elles er vi nok sjenerete for å løfte fram religionen når vi samlast til fest – dvs. vi norske er sjenerete. For vi er vande til at møte er møte, og fest er fest, medan for dei fleste innvandrarar er religionen ein integrert del av heile livet, og ikkje noko du tar inn og ut av dagsordenen.

Slike fleirkulturfestar har ofte eit meir allment sikte, og handlar ikkje spesielt om møtet mellom kristne og muslimar. Men kanskje kunne vi lage nokre meir målretta festar for kristne og muslimar – f. eks. norsk-pakistanske, norsk-tyrkiske, eller norsk-marokkanske – og vise fram korleis våre religiøse identitetar er knytta til nasjonale og kulturelle tradisjonar?

Problemet med slike festar er at det er vanskeleg å gjere dei til ein fast del av lokalsamfunnet si rytme. Det er spennande dei tre første gongane, men sidan melder spørsmålet seg kor ofte vi synest det er meiningsfylt

å tromme folk saman på denne måten. Dersom vi ikkje møtest elles – i kvardagen – vil det på sikt heller ikkje vere så festleg å ha fest saman. Spørsmålet blir kanskje korleis slike festar og andre gode tiltak kan styrke dei *personlege* banda mellom menneske, slik at ein kan kome nærmare kvarandre i kvardagen. Og spørsmålet om korleis ein kan finne gode *kvardagssaker* å samarbeide om i lokalmiljøet er langt viktigare enn korleis ein kan lage ein spennande fest no og då.

2) Dei tiltaka frå kyrkjelydane si side som har gitt mest personleg nærbond, er kanskje *dei internasjonale kvinnegruppene*, som anten har vore organisert som språktrening eller handarbeidsaktivitetar. Eg trur at også den mest spennande religiøse dialogen har skjedd i slike kvinnefellesskap, der kristne og muslimske kvinner har delt noko av livet med kvarandre. I alle fall har det vore tilfellet i Paulus menighet, der diaconen har drive ei slik gruppe i fire år no, med for det meste dei same kvinnene. Då kan det bli tale om ein prosess, som forandrar noko! Kanskje er også den kvinnelege religiøse identiteten opnare i sin struktur enn den offisielle, mannsdominerte. I alle høve har vi fått mange overraskningar når det gjeld kva muslimske kvinner har med seg i si religiøse skattkiste. T.d. har vi opplevd mange og slåande eksempel på kor sterkt Maria- og Jesusfromheten kan stå i det kvinnelege islam. Ei iransk muslimsk kvinne som vi har hatt mykje kontakt med, har fortalt oss at ho var vand til å ha bilet av både Maria og Jesus i stua heime i Iran, ved sidan av Mekka-biletet. Her i Norge har ho sørga for å skaffe seg eitt av dei klassiske søndagsskulebileta av Jesus, og ho tenner gjerne bønnelys for Jesus i kyrkja hos oss, utan at ho dermed har tenkt å konvertere. Ho gjer det som muslim!

Eit kritisk punkt når det gjeld slike kvinnegrupper er at ein rører ved mannsdominansen i islam og i muslimske familier dersom prosessane går så langt at noko kan bli forandra. Det bør også vere eit memento at i slike tiltak er det nokså eintydig vi som er «hjelparene», og dei vi hjelper med språktrening eller sosialt fellesskap er tilsvarende sårbare.

3) Kva så med den tredje forma for kontakt som eg nemnde, nemleg *gjensidige besøk mellom kyrje og moské*? Har det noko for seg? Kva vil vi i så fall med det? I Oslo er det idag minst 15 moskéar med smått og stort. Likevel er Paulus menighet så langt den einaste som har prøvd å organisere gjensidige besøk mellom kyrje og moské. No er då også alle moskéane (med unntak av Ahmadiyyamoskéen på Frogner) lokalisiert til den sentrale austkanten. Men likevel burde langt fleire kyrkje-lydar sjå det som si utfordring å ha direkte kontakt med moskéane, – både sentrumskyrkjelydane og dei andre. For sjølv om muslimane reiser til sentrum når dei skal be, bur dei jo for ein stor del i andre bydelar også

dei. Her i Oslo har t.d. Søndre Nordstrand like mange pakistanske innvandrarar som Gamle Oslo eller Grünerløkka/Sofienberg.

Kva har vi gjort i Paulus på dette området? Ikkje så mykje – men litt. Vi kan enno telle på ei hand dei offisielle besøka vi har hatt frå moskéar i kyrkja, og gjenvisittane i moskéane har heller ikkje vore mange. Då snakkar eg om kva vi har gjort som kyrkjelyd. Personleg har eg hatt ein meir omfattande kontakt med moskéane, fordi eg også har tatt tak i denne utfordringa på vegne av heile bispedømmet, og for tida har halvtids permisjon for å arbeide med kyrkja sitt møte med islam i Oslo.

Kva snakkar ein om under slike besøk, og korleis gjer ein det? Dei få gongane vi har prøvd, har vi invitert våre muslimske venner til å vere gjestar under ei kveldsgudsteneste hos oss, før vi har sett oss ned under orgelgalleriet til samtale. Den første gongen kom samtalen til å handle mykje om bøn. Imamen, som kom i spissen for ei gruppe frå den største pakistanske moskéen i Oslo, er ein sufi, ein islamsk mystikar, og derfor er det naturleg for han å tale hjartespråket når han er i dialog med andre truande. Og då er bøn eit godt emne. Den andre gongen hadde vi invitert våre venner i nabomoskéen som ligg 50 m frå kyrkja, og møtet fekk kanskje meir karakter av eit offisielt «nabomøte». Både før og sidan har vi likevel hatt ein relativt stabil kontakt med folk i denne nærmaste moskéen, m.a. om skulespørsmål og elles spørsmål som har med bydelen sitt ve og vel å gjere. På det førebels siste dialogmøtet hadde vi invitert ei gruppe yngre, meir intellektuelle muslimar til ein samtale midt under Golfkrigen – for å samtale om kva krigen gjorde med oss som kristne og muslimar, og for å spørre kvarandre kvar vi trur Gud er i ein slik krig der alle partar påberopar seg hans støtte. Våre muslimske gjestar forklarte oss sitt syn på den rettferdige forsvarskrigen og Gud som dei undertrykte sin forsvarar – medan vi kristne prøvde å forklare korleis vi såg Kristus krossfest under ein slik krig, krossfest av våre krigssynder, midt mellom dei stridande partane. Når vi i det heile kunne ha dette møtet med kvarandre under Golfkrigen, var nok det fordi vi allereie var inne i ein prosess med kvarandre, og hadde etablerte gode kontaktar i fredstid.

4) Den fjerde, og mest stabile møteplassen, er *skulen*. Alle dei tiltaka eg har nemnd og kommentert til no, er avhengige av engasjerte enkeltpersonar i kyrkjelydane og moskéane. Om nokon av dei skal bli faste tiltak i eit lokalsamfunn, er eg overtydd om at prestar eller diakonar må få fleirkulturelt arbeid og dialog inn som ein del av sin instruks, slik at det eintydig blir definert som ein integrert del av folkekirkja sitt virke.

Men på skulen møtest vi uansett. Her går barna våre saman, og her møtest vi som foreldre, kristne og muslimar om kvarandre. Det vil seie:

I Oslo er det ein lei tendens til at aktive kristne buset seg lengst mogleg unna dei multireligiøse stroka av byen, i retning vestover eller nordover eller opp på Nordstrandshøgdene. Men likevel: Folkekyrkjekristne og muslimske allmennreligiøse møtest i skulen i alle bydelar, og nokre sterkare religiøst engasjerte på begge sider møtest også her og der.

Kva gjer vi med den multireligiøse utfordringa i skulen? Korleis møter vi utfordringa i kyrkje-skulekontakten? Tendensen i Oslo sentrum har lenge vore at kristne har kristendom på skulen, barn av ateistar og religionslause har livssyn, medan (særleg pakistanske) muslimar ofte velger bort alt som har med religion å gjere i skulen og konsentrerer seg om koranundervisninga i moskén. Med andre ord: Full religiøs apartheit. I andre bydelar er nok muslimske elevar meir integrert i livssynsfaget, men har ikkje noko meir kontakt med kristne av den grunn. Sjølv sagt er ein saman i resten av skulevardagen. Men kvifor skal alle gå kvar til sitt når religion, livssyn og etikk skal på timeplanen? Og korleis markerer ein multireligiøs skule høgtidene? Kva kontakt har skulen med gudshusa i bydelen? Ønskjer vi som kyrkje å få med muslimske elevar på kyrkjebesøk somme tider, kanskje til og med på ei skulegudsteneste før jul for at dei kan bli kjent med den kristne kulturarven? Kva gjer vi for å få til det? Og vil vi i så fall som kyrkje også støtte aktivt opp om at skulen markerer ei muslimsk høgtid i året, slik enkelte skular har gjort, og stimulere våre kristne elevar til å vere gjestar hos sine muslimske medelevar?

Sjølv gjorde eg ei spennande erfaring for eit par år sidan i samarbeide med Grünerløkka skule, med eit felles kyrkjebesøk før påske under overskrifta faste. Kristne og muslimske elevar var saman om å førebu kyrkjebesøket: Dei fortalte kvarandre om kristne og muslimske fastetradisjonar (dei kristne hadde rett nok ikkje så mykje å fortelle i utgangspunktet), saman presenterte dei ein collage om alle freistungane som lokker barn og vaksne til berre å tenkje på seg sjølve og ikkje ville forsake noko som helst – og saman samla dei inn pengar på skulen til Brød for verden, og bar det fram i kyrkja.

Eg er overtydd om at det må vere ei utfordring for oss som kyrkje å hjelpe skulen til å ta tak i den multireligiøse utfordringa. Og eg er ikkje i tvil om at dersom skulen slepp religionen meir laus, så vil også kristendomsfaget tene på det. For i ein sann dialog vil begge partar få styrka sin eigen identitet – og samstundes utfordre kvarandre.

Så tenkjer vel mange at møteplassar og dialog er vel og bra, men *evangelisering og misjon* må no likevel vere det første og det siste. Under eit besøk i Birmingham sommaren 1991 fekk eg oppleve eit sterkt eksempel på korleis vi som kristne kan vere tru både mot det diakonale,

det dialogorienterte og det misjonerande oppdraget. I bydelen Sparkbrook har tre av kyrkjene i ti år no hatt månadlege dialogmøter med den største lokale moskéen, saman med folk frå dei lokale skulane. Dei har drøfta skulespørsmål, oppvekstvilkår, barneoppseding, arbeidsløyse, og religiøse spørsmål i snevrare forstand. Og så tenkjer de kanskje at dette må vere litt spesielle kyrkjelydar, som prioriterer samfunnsarbeid framfor misjon. Sanninga er at den anglikanske kyrkjelyden som har vore ein sentral aktør i denne dialogen for tida, har ein utprega evangelikal og karismatisk profil. Ved sidan av dialogarbeidet driv dei også diakonalt og evangeliserande arbeid overfor folk frå det asiatiske miljøet som har rusproblem, og som ofte blir støyte ut frå det muslimske fellesskapet. Like fullt held dei trufast fram med den likeverdige dialogen med moskéen – fordi dei er naboor, og respekterer kvarandre.

Lat meg til slutt få dele ein visjon med dykk, ein visjon som igjen opnar perspektivet til den heile abrahamittiske familien, der også jødane høyrer med i søskenklokkene. Visjonen var unnfanga under den veldige anti-rasistiske manifestasjonen mot Arne Myrdal på Youngstorget, på årsdagen for Krystallnatta, med muslimane som den mest utsette gruppa i dagens Norge, og med Aarflot som den kristne kyrkja sin anti-rasistiske faneberar. Eg såg for meg eit stort banner, og små jakkemerke, med Davidsstjerna, korset og halvmånen ved sidan av kvarandre. Og påskrifta skulle vere: *Jødar, kristne og muslimar – saman mot rasismen.* Dét kunne vere passande utfordrande for alle partar.

Oddbjørn Leirvik, f. 1951, cand. theol. MF 1798, gen.sekr./stud.pr. NKS 1977 – 1983, res. kap. 1984–. Studiepermisjon for å arbeide med islam 1991. Utgitt *Møte med islam* 1990.

Christians and Muslims: Enemies or kin?

In this review of encounters between Muslims and Christians in the Norwegian context, the author describes various meeting places: multicultural festivals, international women's groups, mutual visits to churches and mosques, the educational setting in public schools. The question of evangelization is also commented upon, and a challenge is made to stimulate Jews, Muslims and Christians to form a common strategy against racism.